

## SULDAL KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Torsdag **13. juni 2024** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalet sin leiar Otto Underbakke.

|                                  |                                                                                              |
|----------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>MØTESTAD:</b>                 | Suldal kommunehus, kommunestyresalen                                                         |
| <b>MØTESTART/SLUTT:</b>          | Kl. 10.00 – 11.50                                                                            |
| <b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>        | Otto Underbakke (H), Ivar Andre Naustvik (Krf), Ragnhild Sukka (V) og Astrid Brommeland (Sp) |
| <b>MØTANDE VARAMEDLEMMER:</b>    | Michael Willig (SV)                                                                          |
| <b>FORFALL:</b>                  | Arin Eirikssønn (Ap)                                                                         |
| <b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>  | Rådgjevar Sjur Hatlen - Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS                             |
| <b>FRÅ ROGALAND REVISJON:</b>    | Forvaltningsrevisor Håvard Aarvik-Hansen                                                     |
| <b>FRA ADMINISTRASJONEN:</b>     | Ingen                                                                                        |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>          | Ingen                                                                                        |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b> | Ingen                                                                                        |
| <b>MERKNADER TIL SAKLISTEN:</b>  | Ingen                                                                                        |

#### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **13/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 25.04.24**

##### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 25.04.24 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 13.06.24:**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.06.24:**

*Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 25.04.24 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 14/24 PRESENTASJON AV RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING OG PRIORITERING AV PROSJEKT**

### **Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Suldal kontrollutval tar Rogaland Revisjon sin presentasjon av risiko- og vesentleganalyse til orientering.

Suldal kontrollutval prioriterer følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028:

1. ....
2. ....
3. ....

Osb.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

### **Handsaming i kontrollutvalet 13.06.24:**

Håvard Aarvik-Hansen presenterte analysen. Han gjorde greie for omgrepa som var nytta, generelle utviklingstrekk og sektorvise utviklingstrekk for kommunen.

I oppsummeringa viste han til dei områda som revisjonen meinte var særlig aktuelle for ein forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

Medlemmane hadde ei lang og god meningsutveksling kor dei gav uttrykk for kva prosjekt dei meinte var viktige å prioritera i dei nye planane. Følgjande prosjekt blei framheva som viktige: kompetanse i skule og barnehage, skulestruktur, utnytting av kompetanse i kommunen og fastlegeordninga med «nordsjø-turnus». Når det gjeld område for eigarskapskontroll var utvalet samd om at RITS (Ryfylke it-samarbeid) og Rygjatun var selskap det kunne vere aktuelt å sjå på.

Utvalet var samd om å koma tilbake til saka i neste møte for å gjera dei endelege prioriteringane.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.06.24:**

*Suldal kontrollutval tar Rogaland Revisjon sin presentasjon av risiko- og vesentleganalyse til orientering.*

*Utvalet kjem attende til saka i neste møte for å prioritera dei ulike prosjekta.*

*Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.*

**SAK 15/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER**

- 14. Statusrapport pr. juni 2024
- 15. Tertialrapport frå Rogaland Revisjon IKS
- 16. Oppsummering frå FKT-konferansen 4. – 5. juni 2024
- 17. Representantskapsmøte 19.06.24 – IKA IKS

**Handsaming i kontrollutvalet 13.06.24:**

Sekretæren gikk gjennom referatsakene. Astrid Brommeland fortalde kort frå konferansen

Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.06.24:**

*Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 14 – 17 til orientering.*

**YMSE**

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

**Neste møte:** torsdag 26.09.24 – kl. 10.00

**Foreløpige saker:** orientering om administrasjonen, arbeid med nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, revisjonsstrategi og utvalet sitt budsjett for 2025..

Suldal/Sand, 13.06.24

Otto Underbakke  
Leiar

Sjur Hatlen  
Utvalssekretær